

Karmøy kommune
Rådhuset
4250 KOPERVIK

Vår dato: 22.04.2021
Vår ref.: 202106086-2
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Sondre Moe Knudsen
22959303/somk@nve.no

Kraft frå land til oljefelta NOA og Krafla. Høyring av melding og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding med forslag til utredningsprogram frå Equinor, Aker BP og LOTOS Exploration and Production for en kraftforbindelse mellom land og dei planlagt nye oljefelta NOA og Krafla.

Equinor, Aker BP og LOTOS har utarbeida melding med forslag til utgreiingsprogram i medhald av reglane i KU-forskrift og NVE sin rettleiar for melding om nettanlegg. Målet med meldinga er å gje ei tidleg varsling av tiltaket. NVE vil fastsette eit utredningsprogram som skal dekke nødvendige utredningar av konsekvensane for heile kraftforbindelsen frå land og ut til plattformene. Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva for utgreiingar som bør gjennomførast før konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget etter energilova og havenergilova vert utarbeida.

Fråsegner til meldinga må sendast NVE **innan 4. juni 2021**.

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

NVE vil halde orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter i dei aktuelle kommunane.

Det vil bli held tre kommunemøte, eit møte for kvart melde alternativ for tilknytning. Under er ein oversikt over møta, og dei inviterte kommunane. Kommunane i feit skrift er dei som bli råka av landanlegg. Dei andre vil bli påverka av sjøkablane. Møta er avtalt med kommunane påverka av landanlegg. Dei andre kommunane er invitert til møtet for deira alternativ. Dersom nokon av disse kommunane ønsker å delta i eit av møta, eller ønsker eit eget møte, bes de ta kontakt med saksbehandlar i NVE.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Alternativ i meldinga	Påverka kommunar	Dato for møte
1	Øygarden	23. april
2	Samnanger, Fitjar , Bjørnafjorden, Tysnes, Bergen, Øygarden, Austevoll	30. april
3	Utsira, Karmøy, Tysvær , Bokn	30. april

Vi håper på brei deltaking både frå politisk leining og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. **Representantar frå Statsforvaltaren i Vestland og Rogaland og Vestland og Rogaland fylkeskommune er med dette invitert til dei aktuelle møta. Ta kontakt med saksbehandlar for digital invitasjon.**

På møta vil NVE vil orientere om handsaminga av meldinga og forslag til utgreiingsprogram. Equinor og Aker BP vil vere representert og orientere om planane.

NVE held òg eit offentleg digitalt møte torsdag 6. mai kl. 19:00.

Informasjon om det offentlege digitale møtet, og meldinga med forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/kraftledninger.

Meldinga

Aker BP, Equinor og LOTOS planleggjar en utbygging av lisensane Krafla, Fulla og Nord for Alvheim (NOAKA), har begynt å planlegge landstrømanlegg til de nye oljefelta.

De melder tre ulike traséalternativ. I det første alternativet melder Aker BP og Equinor en separat transformatorstasjon ved sida av eksisterande transformatorstasjon på Kollsnes, og ein sjøkabel ut til NOAKA-området. I det andre alternativet meldes det ein kraftledning frå Samnanger transformatorstasjon til ein ny stasjon ved Barmen. Derifrå vil sjøkablane enten gå direkte til NOAKA-området, eller via ein mellomstasjon på Leirpollneset i Fitjar kommune. Det tredje alternativet går frå Gismarvik transformatorstasjon i Tysvær kommune til ein ny transformatorstasjon på Nordvik på Utsira eller Sjøvika på Karmøy. Det er meldt fleire ulike alternativ frå Gismarvik til disse stasjonane.

Kraftbehovet til plattformene vil være 40 MW i 2026 med ein opptrapping til 140 MW i 2029.

Aker BP og Equinor grunngrir tiltaket med at en elektrifisering av produksjonsplattformene vil vesentleg redusere behovet for å drifte anlegga med gass og gi en betydeleg reduksjon i CO₂-utslippene frå plattformene, tråd med nasjonale målsettingar.

Informasjon til kommunane:

Vi ber om at eitt eksemplar av meldinga blir lagt ut i kommunen til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, utlegging til offentleg ettersyn og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Vi ber vidare kommunen leggje meldinga og informasjon om det offentlege møtet ut på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om meldinga.



Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Sondre Moe Knudsen
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

AUSTEVOLL KOMMUNE
BERGEN KOMMUNE
Bjørnafjorden kommune
Bokn kommune
Fitjar kommune
Karmøy kommune
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
SAMNANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Tysnes kommune
Tysvær kommune
UTSIRA KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ØYGARDEN KOMMUNE